

NotatDato: 07.11.2017
Arkivsak: 2015/11453-107
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Orientering om samanslåing av Fagskolen i Hordaland og Hordaland helsefagskole

03.10.2017 gjorde fylkestinget følgjande vedtak:

«Vedtak

Hordaland helsefagskole vert slått saman med Fagskolen i Hordaland 01. januar 2018, og det vert oppretta ei eiga avdeling for helsefag ved Fagskolen i Hordaland. Dei tilsette ved Hordaland helsefagskole får tilbod om overføring til Fagskolen i Hordaland innan august 2018.»

Vedtaket i fylkestinget var i tråd med tidlegare tilråding frå fagskulestyret. I forkant av vedtaket i fylkestinget starta administrasjonen ved opplæringsavdelinga, saman med fagskulane, klargjerande møte for å vere førebudd på ei eventuell samanslåing. Like før vedtak om samanslåing i fylkestinget vart det etablert eit omstillingsutval (OMU). OMU er eit rådgjevande organ som består av leiinga ved fagskulane, representantar frå opplæringsavdelinga, tillitsvalde og verneombod. OMU har etablert ei arbeidsgruppe som skal sørge for god overgang av studentadministrasjon, og det har vorte gjennomført informasjonsmøte for dei tilsette ved helsefagskolen med representant frå HR-seksjonen i høve til rettar ved omstilling. Følgjande møte og aktivitet har vorte gjennomført i regi av OMU:

Dato	Aktivitet
29. september	Konstituerande møte i OMU.
05. oktober	Møte for tilsette med verneombod og tillitsvalde etter vedtak i fylkestinget.
16. oktober	Møte i OMU om organisering og overføring av tilsette.
23. oktober	Informasjonsmøte for tilsette frå helsefagskolen – informasjon om Fagskolen i Hordaland og informasjon frå HR om rettar og prosess.
Oktober/november	Omstillingssamtalar ved Hordaland helsefagskole.
November	Individuelle samtalar mellom tilsette ved helsefagskolen og rektor ved Fagskolen i Hordaland.
5. desember	Siste møte i OMU før jul.

Det vert gjeve ein munnleg gjennomgang av aktiviteten i styremøtet 28.11.2017.